



Balestrand kommune

Tekniske tenester

Politidirektoratet
Postboks 8051 DEP
0031 OSLO

POLITIDIREKTORATET	
08 MAR 2017	
Arkiv 08-18	Arkivkode 011.2
Saksnr 16/04891	Dok.nr L4

Vår ref.
16/696-24/AA

Arkivkode
X31

Deres ref.

Dato
06.03.2017

MELDING OM VEDTAK - Nærpolitireforma

Kommunestyret handsama i møte 16.02.2017 sak 4/17. Følgjande vedtak vart fatta:

Vedtak:

Balestrand kommune – klage på politidirektoratet si avgjerd om nedlegging av Balestrand lensmannskontor

Det blir vist til politidirektoratet sitt brev av 13.01.17 «Endringer i inndeling i lensmanns- og politistasjonsdistrikter og tjenestesteder i Vest Politidistrikt» og klageadgangen gitt i forskrift 2016-06-22-815. Vidare blir det vist til Balestrand kommunestyre sin høyringsuttale i høve Vest politidistrikt si innbyding av 21.10.16 til høyring av tenestads- og tenesteeiningsstrukturen i politidistriket.

Klagen gjeld:

- I høve endringar i avgjersla om nedlegging av Balestrand lensmannskontor: Balestrand kommune ber om at kontoret blir oppretthalde
- I høve forhold ved saksbehandlinga: Balestrand kommune ber om at vedtaket blir oppheva
- Brot på mållova

Adresse: Kong Beles veg 20 6899 BALESTRAND E-post: postmottak@balestrand.kommune.no Internett: balestrand.kommune.no	Sentralbord: 57 65 12 00 Telefaks: 57 69 12 05 Bankgiro: 3805.07.00043 Bankgiro for skatt: 6345.06.14183 Organisasjonsnr: 970 184 252	 Balestrand inspirerer deg
----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Grunngjeving i høve punkt 1 – Balestrand kommune ber om at kontoret i Balestrand blir oppretthalde:

Med dei erfaringane me har i dag - og som blir ytterlegare forsterka med denne reforma, har Balestrand kommune ikkje tiltru til at me vil få fullverdige og tilfredsstilande polititenester i kommunen.

Balestrand kommune er skeptisk til og uroa over knappheten på ressursar og mangefull bemanning i Vest politidistrikt. Dette har nyleg vorte ytterelegare bekrefta med at politimeistaren i Vest politidistrikt i eit brev til politidirektoratet har «ropt» eit varsko om knappe ressursar og nedbemanning i politidistriket.

Balestrand kommune kan ikkje aksepta ei politidekning og bemanning som vil gå ut over tryggleiken og servicen til innbyggjarane i kommunen. Ikkje minst fryktar me at beredskapen vil bli vesentleg svekka.

Me har i lengre tid vore ein del av driftseining Sunnfjord som blir føreslege vidareført som tenesteeining. Tenesteeining Sunnfjord er stor, geografisk altfor stor. Dette har særleg i helgane, men også elles, medført ei til tider uakseptabel lang responsid og også til at oppdrag har vorte avvist. Skal ein halda fram med denne ordninga, må det innanfor den «nye» tenesteeininga etablerast teneste-/vaktordningar og bemanning som på ein langt betre måte enn i dag evnar å ivareta både beredskap, responsid og innbyggjarane sin tryggleik i alle delar av tenesteeininga. **Ei slik forsikring har Balestrand kommune ikkje fått og me har heller ikkje tiltru til at slike teneste-/vaktordningar og tilfredsstilande bemanning vil bli etablert.** Dette på grunn av knappe ressursar og dei haldningane me har opplevd både hjå dei som disponerer ressursane i tenesteeininga og i operasjonssentralen. Skrekkeksempelet er operasjonssentralen si handtering av eit dødsfall i Balestrand sommaren 2016..

Erfaringane så langt har vist at det kan vera grunn til å frykta at dei tilgjengelege ressursane vil samlast rundt dei store tettstadene med dei openberre negative konsekvensane dette vil ha for polititenestene i Balestrand.

Med ei ytterlegare sentralisering i fylket vil responsida i høve ulukker, beredskap og kriminalitet bli uakseptabel i distrikta.

Lensmannskontoret er viktig i høve førebyggjande og haldningsskapande arbeid, tryggleiken og servicen til innbyggjarane våre og beredskap. God lokalkunnskap er ein viktig og avgjerande faktor i eit kriminalitetsførebyggande perspektiv. Det er også viktig at tenestemenn/kvinner bur i det området dei verkar og ikkje berre «stikk innom» kvar gong det er eit oppdrag. For Balestrand kommune og innbyggjarane er det viktig at den operative tenesta med politinærvar lokalt er dimensjonert slik at innbyggjarane sin tryggleik og lokal beredskap vert ivaretaken på ein forsvarleg og god måte. Viktig er det også at ein har eit lokalt lensmannskontor med opningstider som tilfredsstiller publikum sine behov for polititenester og andre tenester som politiet er pålagd å yta.

Vidare vil Balestrand kommune få peika på at:

- Balestrand er ein typisk turiststad der folketalet blir meir enn dobla i sommarmånadane og at det elles er stor gjennomgangstrafikk i dei same månadane.
- Balestrand har ein vidaregåande skule med om lag 180 elevar, av desse bur om lag 150 på internat/hybel.

Grunngjeving i høve punkt 2 – Balestrand kommune ber om at vedtaket blir oppheva på grunn av forhold ved sakshandsaminga:

Balestrand kommune meiner at prosessen ikkje er gjennomført i samsvar med Stortinget sine intensionar.

Det blir i så måte vist til Innst. 306 S (2014-2015) – «Innstilling frå justiskomiteen om endringer i politiloven m.v (trygghet i hverdagen – nærpoltireformen)» og kap.11.2 «Komiteens merknader». Kap. 11.2.4 omhandlar «Krav til prosess ved endringer». Under overskrifta «Et løfte til innbyggerne» skriv komiteen:

Innbyggerne skal vite hva de får og hva et «nærpoliti» vil bety i praksis for deres lokalsamfunn.

Flertallet viser til kriteriene for ny tjenestedsstruktur som fremgår av Prop. 61 (2014–2015) punkt 5.3 og mener at det i tillegg skal legges til følgende kriterier for gjennomføring av endringer i tjenestestedsstrukturen:

- *Hva innbyggerne skal få av tjenester etter endringene, og hvordan, skal legges frem skriftlig for kommunestyrene, dersom kommunen ønsker det. Politimesteren skal utarbeide dokumentet.*
- *Dokumentet skal være realistisk og tydelig, med vekt på hvordan det forebyggende arbeidet skal ivaretas, hvilken beredskap innbyggerne kan forvente og hvordan politiet vil sikre tett kontakt med bl.a. lokale, frivillige beredskapsorganisasjoner.*
- *Dokumentet må være utformet presist nok til at det er mulig å evaluere sluttresultatet.*
- *Alle berørte kommuner skal gis mulighet til å komme med en uttalelse om dokumentet. Uttalelsen skal tillegges vekt ved en eventuell klage.*

Flertallet understreker at kriteriene er minimumskriterier. Det er rom for lokale tilpasninger utover dette. Prosessen skal gi politiet og innbyggerne forutsigbarhet og sikre et best mulig sluttresultat.

Balestrand kommunestyre har i sin høyringuttale bedt om å få skriftleg dokumentasjon på kva tenester innbyggjarane vil få med endringane og korleis; jf. justiskomiteens merknader ovanfor om krav til prosess ved endringar. Slik skriftlegg dokumentasjon har me ikkje fått. Me har såleis ikkje fått høve til å uttala oss om eit slikt dokument, noko som er alvorleg når ein slik uttale «skal tillegges vekt ved en eventuell klage» jf. komiteen sin merknad ovanfor. Innbyggjarane i Balestrand har ikkje fått vita kva dei får og kva eit «nærpoliti» vil bety i praksis for deira lokalsamfunn, jf første setning ovanfor.

Balestrand kommune ber difor om at vedtaket blir oppheva på grunn av vesentlege manglar ved prosessen, saksbehandlinga og manglande grunngjeving for vedtaket.

Grunngjeving i høve punkt 3 – brot på mållova:

Balestrand kommune har valt nynorsk som sitt administrasjonsspråk. Meldinga om politidirektoratet si avgjerd er skrive på bokmål. Sidan likelydande brev går til fleire kommunar i Vest politidistrikt, er det § 7 i mållova som vil gjelda:

Dersom statsorgan vender seg under eitt til fleire kommunar i eit avgrensa område, skal fleirtalsmålforma for kommunane nyttast. Ligg det ikkje føre noka fleirtalsmålform, står organet fritt i val av målform.

Fleirtalsmålforma er den målform som flest kommunar har kravt. Det er ikkje noka fleirtalsmålform dersom over halvparten av kommunane er språkleg nøytrale. Det same gjeld dersom like mange kommunar har kravt bokmål som nynorsk.

Det store fleirtalet av kommunar i Vest politidistrikt har gjort vedtak om nynorsk som si målform, jf. oversikt gitt i «Forskrift om målvedtak i kommunar og fylkeskommunar» av 01.04.07. Meldinga om politidirektoratet si avgjerd skulle såleis ha vorte skrive på nynorsk.

Vedteke (15 mot 2 røyster).

Med helsing

Arne Abrahamsen
Kommunalsjef tekniske tenester

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til: